



Arkivnr: 2017/2336-3

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		28.03.2017

### **Klage frå Alf O. Olsvoll - avslag på søknad om avkøyrslø til Fylkesveg 565 frå gbnr 74/17 i Radøy kommune**

#### **Samandrag**

Alf O. Olsvoll har påklaga Statens vegvesen sitt vedtak om å avslå søknad om løyve for å byggje ny avkøyrslø frå gbnr 74/17 til Fylkesveg 565.

Fylkesrådmannen finn at etablering av ny avkøyrslø i det aktuelle området vil vere i strid med gjeldande vegnormalar, og rår difor til at klagen ikkje vert teke til følgje.

#### **Forslag til vedtak**

Klage av 18.10.16 frå Alf O. Olsvoll over Statens vegvesen sitt vedtak om å avslå søknad om bygging av ny avkøyrslø frå gbnr 74/17 i Radøy kommune til Fylkesveg 565 vert ikkje teke til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.03.2017****Bakgrunn**

For å byggje avkøyrsløse til ein fylkesveg må ein ha løyve eller annan særskilt heimel frå Statens vegvesen (SVV), jf veglova § 40. Ved avslag vert eventuelle klager i første instans handsama av SVV. Når SVV opprettheld eit avslag vert det sendt over til Klagenemnda, som er klageinstans, og såleis skal gjere endeleg vedtak i dei respektive sakene, jf forvaltningslova § 28 1. ledd.

Søknad

I brev av 23.05.16 søkte Alf O. Olsvoll om fornya løyve for å byggje avkøyrsløse frå gbnr 74/17 i Radøy kommune til Fylkesveg 565. Fornyinga søknaden viste til var eit førehandstilsegn frå SVV av 26.03.01, der det m.a heitte:

[...] Vegkontoret kan tilrå at det vert opparbeidd ny avkjørsle på stad som omsøkt.

Før avkjørsle kan bli godkjent må ho vere ferdig opparbeidd i samsvar med følgjande tekniske krav:  
[...]

Dersom avkjørsle ikkje er opparbeidd og godkjend innan 3 – tre – år frå dags dato, fell tilsegnet bort. Det må då sendast inn ny søknad om avkjørsle. [...]

Søknaden hadde elles følgjande grunngjeving:

Hytten er ofte benyttet i dag, med utvidet familie og 2 barnebarn, trafikken er økt de siste årene og med 80 km fartsgrense er ikke dette så tilfredsstillende med den utkjørsel som benyttes i dag. [...]

Vedtak

I brev av 03.10.16 kunngjorde SVV følgjande vedtak i saka:

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om ny avkøyrsløse på gnr. 74 bnr. 4 i Radøy kommune.

Vedtaket blei grunngjeve slik

Statens vegvesen har lagt vekt på at avkøyrsløse er søkt om på ei rett strekning med høg fart, og som vert nytta til forbikøyring. Med bakgrunn i dette meiner vi at ein ikkje kan oppnå ei tilfredsstillande og trafikksikker løysing ut i frå tilhøva på staden.

I SVV si vurdering som ligg til grunn heiter det m.a følgjande:

[...] Statens vegvesen sin null-visjon har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå. [...]

Området er avsett til landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) jf. Arealdelen av kommuneplan for Radøy. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan. [...]

Klage

I brev av 18.10.16 frå Alf O. Olsvoll blei vedtaket påklaga.

Klagen er grunngjeve slik:

Dagens avkjørsel i sving i dårlig sikt er vel mer i strid med null visjon som det vises til i Deres svarbrev. [...]

Vedlegger også gammelt kart som viser den gamle veien – kalt sjøveien fra gammelt av, som går til/forbi vår eiendom og fortsetter til sjøen og krysser dagens hovedvei.

Begge våre parseller har rettigheter til denne veien og utkjørsel. [...]

Ser at dette ikke er informasjon dere tidligere har hatt eller søkt etter og at denne informasjonen kan gjøre om vedtaket slik at dette gir oss mulighet til å opparbeide ny utkjørsel som vil gi oss og andre bedre sikkerhet.

#### Klagevedtak i førsteinstans

I brev av 13.12.16 kunngjorde SVV følgende vedtak i saka:

Statens vegvesen har vurdert klagen og finn ikkje å kunne ta den til følgje. Vi tilrår at vårt vedtak av 03.10.2016 vert ståande.

Vedtaket er grunngjeve slik:

Statens vegvesen kan ikkje godkjenne ny avkøyrsløysing som omsøkt. Avkøyrsla er søkt om på ei rett strekning med høg fart merka med forbikøyring. Vi har lagt avgjerande vekt på trafikktryggleiken og at det er viktig å oppretthalde vegen sin transportfunksjon på denne strekninga.

I vurderinga som ligg til grunn for grunngjevinga heiter det m.a følgende:

Klagar har lagt vekt på at dagens parkeringsløysing ikkje er trafikksikker. Det er lagt ved skøyte og skylddelingsbrev som gjev løyve til å nytte «Sjøvegen» som tilkomst. Slik vi ser det er dette ei privatrettsleg avtale mellom grunneigarane og ikkje eit løyve til å nytte arealet som avkøyrsløysing. «Sjøvegen» er sannsynlegvis eit gammalt vegfar frå før det var vanleg med motorisert ferdsle.

Statens vegvesen har ikkje vurdert denne avkøyrsla konkret, men legg til grunn at det vil vere dei same strenge vurderingane for å etablere ei avkøyrsløysing der, med omsyn til mellom anna haldnings- og funksjonsklasse og fart. [...]

Klagar meiner at dagens parkeringsløysing er meir i strid med nullvisjonen enn ei ny avkøyrsløysing. Statens vegvesen har ikkje mottatt dokumentasjon på at dette er ei lovleg parkering, ut over privatrettslege dokument. Vi vurderer at vi ikkje kan samanlikne ny omsøkt avkøyrsløysing, med ei som mest sannsynleg ikkje [er] lovleg.

#### Merknader frå klagar

Etter at klagesaka vart oversendt frå SVV til fylkesrådmannen, blei det motteke brev av 21.02.17 frå Advokatfirmaet Gjesdahl & Co ANS på vegne av Alf O. Olsvoll, der det m.a heiter følgende:

Da hovedveien ble oppgradert til riksvei med økende trafikk mv fant Olsvoll det ønskelig og naturlig å søke om å få opparbeide ny og mer trafikksikker avkjørsel, hvilket ble innvilget av Statens Vegvesen med tilsagn datert 26.3.2001.

[... SVV anfører] ...at reglene for å få anlegge en avkjørsel er blitt strengere og at den tillatelse som er gitt i 2001 derfor ikke ville blitt gitt i dag. Til dette er å si at forholdene er helt identiske i dag som i 2001, dvs veien er skiltet 80 km og trafikkvolumet er tilnærmet det samme. [...]

I avslaget er det heller ikke påvist/angitt noe rettsgrunnlag for [...] anvendelse av «nye regler på gamle vedtak». [...]

Den nye avkjørsel vil kun bli brukt av eierne av Eiendommen. Det vil ikke bli bygget / tillatt bygget flere hytter i området/LNF område [...].

### Grunnlag for vurdering av avkøyrlesaker

Det er i veglova gjeve overordna føresegner om kva som må til for å få løyve eller annan særskild heimel for å byggje avkøyrslar til ein fylkesveg.

I forskrifta Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, er eit av måla at planlegging av arealbruk og trafikksystem skal fremje god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

I Nasjonal transportplan 2010-2019 er visjonen om eit transportsystem som ikkje leiår til tap av liv eller varig skade, nullvisjonen, vidareført. På grunnlag av det vert transportsystema i Norge utforma på ein måte som fremjar trafikktrygg åtfærd hjå trafikantane og i størst mogleg grad medverkar til at menneskelege feil ikkje leiår til alvorlege skadar eller død. Det målretta trafikktryggingsarbeidet tok til i 1970. Det året døydde 560 personar i trafikken i Norge. Til tross for ei markant vekst i trafikkmengda var talet i 2016 redusert til 135.

Det er i Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar (rammeplanen) lagt klare føringar for mellom anna korleis ein på konsekvent vis skal handsame søknader om avkøyrslar. Rammeplanen byggjer på veglova, dei statlege planretningslinjene og nullvisjonen.

Utgangspunktet for vurdering av einskildsakene er ei inndeling av vegnettet i 4 haldningsklassar. For kvar av klassane er det mellom anna gjeve ulike retningslinjer for kva som kan tillatast av avkøyrslar. For dei einskilde haldningsklassane er det konkretisert kriteria som kan gje grunnlag for særskilte unntak. Rammeplanen omfattar også vegtekniske prinsipp som bør leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrlesaker.

### Generelle saksopplysningar

Fv 565 er plassert i haldningsklasse 2. Dei retningslinjene for denne haldningsklassa som vedkjem denne saka er følgjande (utdrag):

- Talet på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa.
- Nye avkøyrslar bør ikkje godkjennast utan at det føreligg stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing, eller etter veglova. Val av stad for avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga.
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrslar vert nytta av fleire.

Dei mest relevante vegtekniske prinsippa som bør leggjast til grunn er følgjande (utdrag):

- Teknisk utforming av avkøyrslar må vere i samsvar med handbok 017 og handbok 263. (Dette er lovheimla tekniske handbøker som er utarbeidd av SVV.)
- Avkøyrslar som betrar dagens trafikktryggleik må vurderast positivt.
- Nye avkøyrslar vert vist til gamal trasé der denne er rimeleg nær.
- Avkøyrslar bør gjerast godt synlege frå hovudveg [...].
- Avkøyrslar som kryssar gang- og sykkelveg skal stette krav i normalane.
- Høve til å knyte seg inn på eksisterande avkøyrslar skal alltid vurderast først.
- Når ny avkøyrslar som erstattar eksisterande avkøyrslar vert etablert, skal gamal avkøyrslar stengast fysisk.

Det er ei nær samanheng mellom tal avkøyrslar langs ein veg og tal trafikkulukker på den, uavhengig av fartsgrensa på vegen.

Effektiviteten i transportavviklinga vert redusert når det kjem nye avkøyrslar.

### Synfaring

Administrasjonen har vore på synfaring i området i høve saka. Bilete frå denne følgjer vedlagt.

Det blei under synfaringa stadfesta at den tekniske utforminga av den noverande avkøyrsla er ikkje i samsvar med handbok 017. Dette gjeld m.a kravet til frisikt og svingradius.

Det blei stadfesta ved synfaringa at den omsøkte avkøyrsla er til ei strekning med fartsgrense 80 km/t, som er merka som strekning for forbikøyring. Etter administrasjonen si vurdering vil det vere i strid med 0-visjonen å opparbeide ei ny avkøyrsla langs denne strekninga. Det er vanskeleg å sjå føre seg at den omsøkte avkøyrsla kan byggjast slik at den er i samsvar med aktuelle lovheimla handbøker utarbeidd av SVV.

### **Vurdering**

Det er i SVV sitt førehandstilsegn frå 2001 teke atterhald om at avkjørsla måtte vere opparbeidd innan tre år frå då av. Slik fylkesrådmannen ser det ligg det difor føre rettsgrunnlag for å gjere ei sjølvstendig vurdering av søknaden som denne klagesaka gjeld.

Fylkesrådmannen er samd med SVV i at ein ikkje kan gje løyve for etablering av ei ny trafikkfårleg avkøyrsla til erstatning for ei avkøyrsla som truleg ikkje er lovleg. Fylkesrådmannen rår difor til at klagen frå Alf O. Olsvoll ikkje vert teke til følgje.